

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkeseldrerådet i Hordaland</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	02.02.2017
<b>Tid:</b>	09:15:

Du vert med dette kalla inn til møte i fylkeseldrerådet torsdag 2. februar kl 9.30.

### Program

Kl 09:30 – 12:00 Sakshandsaming

Kl 12:00 – 12:30 Lunsj

Kl 12:30 – (inntil) 14:30 Sakshandsaming

NB! På slutten av møtet vil det bli tid til litt kursing i bruk av IPAD og e-politiker. ALLE må ta med ipad og dei bruksanvisningar som de har fått tidlegare.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall) eller sende melding til [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fylkeseldrerådet i Hordaland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kåre Ystanes  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 1/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/17	Godkjenning av sakliste		
PS 3/17	Godkjenning av møteprotokoll 08.12.2016	2016/9382	
PS 4/17	Referatsak (meldingar)		
RS 1/17	Kopi av brev frå Bergen eldreråd til Skyss vedr. behov for servicelinjer i bydelane i Bergen.	2016/9382	
RS 2/17	Orientering vedr. fylkeseldrerådet sin uttale til fylkestinget om Den kulturelle spaserstokken	2016/9382	
RS 3/17	Orientering frå samferdselsavdelinga, m.a. retningslinjer for TT-kort.	2016/9382	
RS 4/17	Orientering om fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse	2016/9382	
RS 5/17	Rapport frå TØI: Universell utforming på bybane og bussar i Bergen	2016/9382	
RS 6/17	Status ruteinformasjon på bussar.	2016/9382	
PS 5/17	Ymse		

**PS 1/17 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 2/17 Godkjenning av sakliste**

**Utval:** Fylkeseldrerådet i Hordaland  
**Møtestad:** Sunnhordland, 4. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 08.12.2016  
**Tidspunkt:** 12:00 – 15:15

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Odd Himle	Medlem	
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Kari Solberg	Inger M. Lingjerde	PF

---

**Merknader**

---

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Marianne Ose Askvik	Spesialrådgjevar, Kultur- og idrettsavdelinga
Elin Molven Wilhelmsen	Seniorrådgjevar, Kultur- og idrettsavdelinga
Arild Sondre Sekse	Seniorrådgjevar, Økonomi- og organisasjonsavdelinga

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 41/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 42/16	Godkjenning av sakliste		
PS 43/16	Godkjenning av møteprotokoll førre møte (10.11.2016)	2016/9382	
PS 44/16	Referatsak (meldingar)		
RS 23/16	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2017	2015/10845	
RS 24/16	Den kulturelle spaserstokken	2016/9382	
RS 25/16	Orientering om status for rekneskapen og andre mindre saker.	2016/9382	
PS 45/16	Andre utkast til handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019	2016/9382	
PS 46/16	Landskonferanse for fylkeseldreråd, Ålesund 22.-24. mai 2017	2016/9382	
PS 47/16	Ymse		

### **PS 41/16 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

#### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknadar.

### **PS 42/16 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

#### **Vedtak**

Saklista vart godkjent utan merknadar.

### **PS 43/16 Godkjenning av møteprotokoll førre møte (10.11.2016)**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå fylkeseldrerådet sitt møte 10.11.2016 vart godkjent utan merknadar.

### **PS 44/16 Referatsak (meldingar)**

**Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

#### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet tek sakene RS 23/16, RS 24/16 og RS 25/16 til etterretning.

I samband med RS 24/16 «Den kulturelle spaserstokken» vedtok fylkeseldrerådet følgjande uttale:

«Hordaland fylkeseldreråd ser det som ei gledeleg utvikling at alle 33 kommunar i fylket har søkt om midlar frå tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken i 2016. Dette vitnar om at det er stort behov for kulturelle kvalitetstilbod for eldre i kommunane, og at dei arrangement som har vore gjennomførde til no har betydd mykje for livskvaliteten hjå eldre. Staten har løyvd 3 mill. kroner i øyremerka midlar til Den kulturelle spaserstokken i Hordaland for 2016, medan kommunane samla søkte om nær 4,9 mill. kroner. Behovet er med andre ord aukande. Fylkeseldrerådet har i sin handlingsplan for dei neste tre åra sett som mål å arbeida for at Staten aukar tilskotsramma for Den kulturelle spaserstokken. Rådet ber difor om at Fylkestinget og fylkesadministrasjonen følgjer dette opp i sitt arbeid og dialog med sentrale styresmakter for dei komande budsjettåra.»

#### **RS 23/16 Større saker til politisk behandling 1. halvår 2017**

#### **RS 24/16 Den kulturelle spaserstokken**

#### **RS 25/16 Orientering om status for rekneskapen og andre mindre saker.**

#### **PS 45/16 Andre utkast til handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019**

##### **Forslag til vedtak**

Saka vert framlagt utan forslag til vedtak.

##### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

##### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek andreutkast til «Handlingsplan for Hordaland fylkeseldreråd 2016-2020» med dei endringar det var semje om i møtet. Administrasjonen vil reinskrive handlingsplanen og leggje han fram for rådet som referatsak til neste møte.

#### **PS 46/16 Landskonferanse for fylkeseldreråd, Ålesund 22.-24. mai 2017**

##### **Forslag til vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek å vera representert på Landskonferansen for fylkeseldreråd i Ålesund 22.-24. mai 2017, med dei medlemene som har høve til å reise.

##### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

##### **Vedtak**

Fylkeseldrerådet vedtek å vera representert på Landskonferansen for fylkeseldreråd i Ålesund 22.-24. mai 2017, med dei medlemene som har høve til å reise.

#### **PS 47/16 Ymse**

##### **Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 08.12.2016**

Det var ingen saker under ymse.

**PS 4/17 Referatsak (meldingar)**

**Notat**

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-27  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Kopi av brev frå Bergen eldreråd til Skyss vedr. behov for servicelinjer i bydelane i Bergen.**

Fylkeseldrerådet har motteke kopi av brev frå Bergen eldreråd, der Skyss vert oppmoda om å opprette servicelinjer på tvers av bydelane i Bergen, m.a. Fana Sør.

Brevet er vedlagt saka.





Skyss

Deres ref.

Deres brev av:

Vår ref.

Emnekode Dato

onsdag, 30. november 2016

### **Om behovet for servicelinjer «på tvers» i bydelene.**

Skyss organiserer nesten all kollektivtransport i Hordaland fylke, og i følge Skyss sine egne nettsider er et viktig mål for Skyss at: «Skyss skal bidra til å forbedre og videreutvikle kollektivtilbudet i fylket». I disse dager er det et stort fokus på miljøet, og det å få flere til å benytte seg av kollektivtransport er et viktig mål i miljøpolitikken.

Eldrerådet i Bergen ønsker å komme med noen innspill til hvordan kollektivtilbudet i Bergen kan bli forbedret og videreutviklet.

Etter hvert som man blir eldre blir det ofte helsemessige hindringer for at en kan fortsette å kjøre bil. En andel av de som er eldre i dag har også aldri hatt førerkort. I tillegg er det som nevnt et uttalt politisk ønske at innbyggerne skal kjøre mindre bil og benytte seg mer av kollektivtilbudet. Eldre trenger derfor å benytte seg av kollektivtransport i hverdagen. Særlig viktig er det for eldre å ha tilgang til kollektivtransport som går «på tvers» i bydelene. Dette handler om muligheten til å benytte seg av helsetjenester, posten, besøke bekjente i nabolaget og handle. Bergen Kommune ønsker at eldre skal bo hjemme lengst mulig, og da er et fungerende kollektivtilbud i nærmiljøet avgjørende.

Skyss har mottatt en søknad om servicelinje – buss i Bergen sør/Fana fra en arbeidsgruppe i Fana. Eldrerådet støtter initiativet om servicelinje og ønsker at Skyss skal utrede om en kan innføre servicelinje som en prøveordning i alle bydeler som ikke alt har servicelinjer.

Eldrerådet sender kopi av dette brevet til arbeidsgruppen bak søknaden om servicelinje ved Mary Ådland og fylkeseldrerådet i Hordaland.

Med vennlig hilsen

  
Inger Johanne Knudsen  
Eldrerådet i Bergen

**Notat**

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-26  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Orientering vedr. fylkeseldrerådet sin uttale til fylkestinget om Den kulturelle spaserstokken**

Fylkeseldrerådet vedtok i rådsmøte 8. desember 2016 følgjande uttale til fylkestinget sitt møte 13.-14. desember 2016. Uttalen blei framført av eldrerådsmedlem Synnøve Solbakken, som og er medlem av fylkestinget:

"Hordaland fylkeseldreråd ser det som ei gledeleg utvikling at ALLE kommunar i fylket har søkt om midlar frå tilskotsordninga Den kulturelle spaserstokken i 2016. Dette vitnar om at det er stort behov for kulturelle kvalitetstilbod for eldre i kommunane, og at dei arrangement som har vore gjennomførde til no har betyr mykje for livskvaliteten hjå eldre. Staten løyvd 3 mill kr i øyremerkta midlar til Den kulturelle spaserstokken i Hordaland for 2016, medan kommunane samla har søkt om nær 4,9 mill kr. Behovet er m.a.o. aukande. Fylkeseldrerådet har i sin handlingsplan for dei neste tre åra sett som mål å arbeida for at Staten aukar tilskotsramma for Den kulturelle spaserstokken. Rådet ber difor om at Fylkestinget og fylkesadministrasjonen følgjer dette opp i sitt arbeid og dialog med sentrale styresmakter for dei komande budsjettåra."

----

Synnøve Solbakken vil orientere i møtet.

**Notat**

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-25  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Orientering frå samferdselsavdelinga, m.a. retningslinjer for TT-kort.**

Ein representant frå Samferdselsavdelinga vil orientere fylkeseldrerådet om status, med fokus på saksområde nemnt i handlingsplanen. I særleg grad er fylke interessert i temaet «retningslinjer for TT-ordninga.

Her er ordlyden frå fylkeseldrerådet sin handlingsplan om samferdsel:

**Samferdsel**

- Fylkeseldrerådet vil ha særleg merksemd på ordningane for kollektivtrafikken i fylket, både når det gjeld lokaltrafikken i kommunane og langdistansetraffikk over kommunegrensene, med særleg fokus på:
- at Skyss sine tilbod når det gjeld ruteopplegg, informasjon til brukarane og tilrettelegging for eldre og funksjonshemma.
- å arbeida for at alle vegplanar inneheld punkt om at det blir laga sykkel-/gangsti langs alle nye vegar samstundes med at vegen blir bygd.

Fylkeseldrerådet vil arbeida for at universell utforming må gjelda:

- innreiing av dei kollektive transportmidla som fylket har ansvaret for.
- tilkomst til alle fylkeskommunale bygg.
- deltaking i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt.

Fylkeseldrerådet vil arbeida for at punkt 12 i "Retningslinjer for transportordninga for funksjons hemma i Hordaland" (TT-kort) vert endra, slik at brukararar som er løyvt TT-kort ikkje misser dette, sjølv om dei vert innlagde i institusjon.

Fylkeseldrerådet vil at Fylkeskommunen, i samarbeid med Trygg Trafikk, fokuserer på trafikksikringstiltak for utsette grupper.





## Notat

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-24  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Orientering om fylkeskommunen sitt arbeid med tannhelse

I fylkeseldrerådet sin handlingsplan for 2016-2019 står fylgjande:

#### **Fylkeseldrerådet vil vera pådrivar for at:**

- tannhelsetenester kjem inn under dei same reglane som helsetenester elles, til dømes når det gjeld eigenandelar og refusjonar.
- ordninga med fylkeskommunal tannhelseteneste må oppretthaldast.
- talet på tannklinikkar knytt til sjukeheimar ikkje blir redusert.
- det blir oppretta ambulerande tannklinikkar i distrikta.

-----

Fylkestannlegen vil orientere om status i arbeidet med tannhelse i fylkeskommunen og kommentere fylkeseldrerådet sine fokusområde i planen.

## Notat

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-23  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Rapport frå TØI: Universell utforming på bybane og bussar i Bergen


I 2016 fekk fylkeseldrerådet spørsmål frå Samferdselsavdelinga om å medverke til ei undersøking av universell utforming på bybane og bussar i Bergen. Rådet skaffa to personar (tidlegare rådsmedlemer) til å delta i undersøkinga i samarbeid med Transportøkonomisk institutt (TØI).

Rapporten er no ferdig og kan lesast via denne lenka:

<https://www.toi.no/getfile.php?mmfileid=44029>

TØI rapport 1533/2016  
Eva-Gurine Skarfland  
Kåre Skollerud

**tøi** Transportøkonomisk institutt  
Sjefølele Norsk senter for samferdselsforskning





**Notat**

Dato: 19.01.2017  
Arkivsak: 2016/9382-22  
Saksbehandlar: ariseks

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

**Status ruteinformasjon på bussar.**

Etter initiativ frå fylkeseldrerådet i 2016, har Skyss følgd opp ved å syte for betre informasjon om korleis brukarar kan få ruteinformasjon både i elektronisk og i trykt format. Mellom anna har Skyss produsert plakat og flygeblad som skal vera tilgjengeleg på bussar.



skyss.no

## Kjære kollektiv- reisande!

No finn du ikkje rutehefte om bord i bussane lenger. Pengane vi sparer på å trykke opp færre rutehefte, vil vi bruke på å utvikle kollektivtilbodet vidare.

**Her finn du ruteinformasjon:**

-  **Skyss.no**  
Her finn du reiseplanleggaren og alle rutetider. Du kan òg bestille rutetabellar heim i posten.
-  **Skyss app**  
I mobilappen «Skyss Reise» kan du planlegge reisa di og finne alle rutetider. For Bergen, Os, Nordhordland, Sotra, Askey og Øygarden får du òg sanntidsinformasjon om når bussen går frå din haldeplass. Appen er gratis og kan brukast både på iPhone og Android smarttelefonar.
-  **Ring 177**  
Ring oss for ruteinformasjon - vi hjelper deg gjerne. Du kan òg bestille rutetabellar heim i posten.
-  **Skyss kundesenter**  
På Skyss sitt kundesenter på Bergen busstasjon hjelper vi deg gjerne med ruteinformasjon og andre spørsmål. Her kan du òg få rutetabellar.

skyss



**PS 5/17 Ymse**